

## **ORIENTERINGAR**

### **Nytt frå Skyss v/Oddmund Sylta**

- Orienterte om problem med Bybana det siste døgnnet. Ei vogn er skada p.g.a. avsporing.
- Presenterte kavalkade over utviklinga i kollektivtrafikken i valperioden.

### **Nytt frå SVV v/Olav Finne**

- Opninga av Ringveg Vest er utsett p.g.a. at ein treng lengre tid til testinga av elektronikken i tunnelen. Dette påverkar tidspunkt for iverksetjing av sambruksfeltet på Fjøsangervegen då ein treng omlag 1 mnd drift på RV Vest før sambruksfeltet kan opnast. Sambruksfeltet vert difor ikkje opna før på nyåret.
- Det er starta opp arbeid med rassikring på E16. Den økonomiske råma er på 30 mill kr og vert nytta på stader som er særleg utsette for steinsprang.
- Det er laga investeringsplan for 131 nye friteksttavler på vegnettet i Region Vest. Vert spelt inn i NTP-prosessen.
- Flytteprosessen frå Fyllingsdalen til Nygård er i full gong og skal verra slutført mandag 12. oktober.

**Anne-Line Innvær** stilte spørsmål om status for Bømlopakken m.o.t. kostnadsutvikling og takstar.

**Inge Reidar Kallevåg**, styremedlem i Bømlopakken, opplyste om at råma for pakken var omlag 1 mrd i 2009-kr. I 2015-verdi er kostnaden auka til omlag 1,4 mrd kr. I St.prp vart det lagt til grunn at bompengetaksten som vart vedteken skal ha ei årleg auke i samsvar med ei prisstiging på 2,5%. Styret har så langt ikkje teke stilling til justering av taksten, men slikt forslag vil koma.

**Tom Sverre Tomren** stilte spørsmål om status for saka om ny sonestruktur

Oddmund Sylta orienterte om at det er valgt ei politisk styringsgruppe som skal fylgja saka vidare fram til det ligg føre eit saksframlegg. Gruppa har ikkje starta arbeidet enno, men vil bli kalla inn i løpet av kort tid. Det vert teke sikte på å leggja fram sak i løpet av fyrste halvår 2016.

**Arild Borgen** stilte fylgjande spørsmål

### **1. Godkjende planar for Gang- og sykkel**

Det er brei semje om å satse på gang- og sykkel.

- a. Finnes det ei samla oversikt over godkjende planar for gang- og sykkel for kommunale- fylkeskommunale, riks- og europavegar i Hordaland.
- b. Kan SAMU få sak med oversikt over planreserve, med fylkesveger som førsteprioritet?

**Olav Finne** opplyste om at det ikkje finst samla oversikter over godkjente planar.

Utvalet tok ikkje stilling til spørsmål 2.

### **2. Nullutslepp på hurtigbåtsambandet mellom Bergen og Askøy - Snarveien**

Kva er status for planane om ny motorteknologi for hurtigbåtsambandet mellom Bergen og Askøy - Snarveien?

**Håkon Rasmussen** opplyste om at før fylkeskommunen kan gå vidare med denne saka treng ein planavklaring for Kleppestø. Askøy kommune arbeidar med dette.

**Alf Helge Greaker** stilte slikt spørsmål

**Kontroll og sanksjon - kommersielle løyve**

Fylkeskommunen ved samferdselsutvalet har delt ut og fornya ei rekke kommersielle konsesjonar for turistbussar denne perioden. I desse har det mellom anna vore krav til at ein skal tilfredsstillе utsleppskrav tilsvarende Euro V eller betre. Underteikna har fått høyre at ikkje alle selskapa som har fått og teke i bruk løyve følgjer dette.

- Kva kontroll- og sanksjonsmoglegheit har fylkeskommunen for denne type konsesjonar og krav?

Administrasjonen orienterte om dei løyva som var tildelte i perioden og kva krav som var stilt til motorteknologi. Gjennomgongen synte at Bergen2 AS sine to bussar ikkje oppfyller løyvekrava. Administrasjonen vil følgja opp denne saka.